

Vekkjer minne

Taliban erobrar Kabul, og menneske flyktar frå Afghanistan. I 2001 gjorde Oddmund Soldal det same.

s. 6

Fisk får betre kår

Hardangerfjord Villfisklag ser mon i å laga betre kår for aure og laks i sideelvane til Steindalselva.

s. 8

Eit stort val

Kva faktorar påverkar valet til dei som skal byrja på vidaregåande skule. Kva forventar dei? HF har snakka med seks unge.

s. 10–11

Gylle brygg

I helga var det duka for Hardanger Ølfestival. Det vart ein suksess for dei som er glad i øl.

s. 20



Er det fest, så er det fest. Med tonar frå DJ Niko svinga gjestene seg i dansen då det fornya uteområdet ved Ungdomsbasen vart feira laurdag.

Foto: Sigbjørn Linga

Chillfest med dans

Ei lang rekkje personar – ikkje minst ungdommar – har på ulike vis vore involverte i fornyinga av uteområdet ved Ungdomsbasen i Norheimsund. Laurdag vart det mellombelse resultatet av kunstprosjektet feira med lovord, kaker og heftig dans i det nye «chilleområdet» ved Movatnet. Festen er avslutninga på noko, men også byrjinga på noko nytt. Målet er nemleg å skaffa pengar til å realisera dei unge ideane i permanent form.

– Me har jobba hardt og lenge. Det vore slit og keisamt, men også minnerikt og kjekt, sa Sara C. Fykse.

s. 14–15



Gullkamp i vestlandsvêr

I høljannde regn, lyn og tore spela Sunniva Helland-Hansen og lagveninna Ane Guro Tveit Hjortland seg heilt til topps i noregsmeisterskapen i sandvolleyball i Kristiansand.

– Det var heilt vanvitig, fortel Helland-Hansen.

s. 17